

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: F4GZN5

Registrert dato: 22.08.2019 19:39:54

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om innsendaren	
Førenamn Terje	
Etternamn Hopland	
Adresse Seimsleitet 77	
Postnummer 5912	Poststad SEIM
Telefon	
E-post thop@broadpark.no	

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale:
<input checked="" type="radio"/> Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031
<input type="radio"/> Oppheving av reguleringsplan Nappane
<input type="radio"/> Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031
Uttale
Høyringsuttale arealdelen
Viser til grovsiling av arealinnspel mm, pkt 28.
Eg er glad for at dette er omtalt som ei grovsiling av innspel. Dette fordi administrasjonen sine notater ikkje er i samsvar med reelle forhold.
De skriv: deler av arealet omregulert frå LNF til grav- urnelund og parkering. Her føreligg det 2 feil frå administrasjonen:
<ol style="list-style-type: none">1. Det omsøkte arealet ligg utanfor reguleringsplan for Seim kyrkjegard og Håkonshaugen Amfi.2. Urnelund. Dette er eit nytt begrep som har kome inn i saka. Det har aldri vore drøfta urnelund i dette området.
Som eg peikte på i mitt første innspel, så er delar av området teikna inn som offentleg føremål, i gjeldande kommuneplan. Føremålet er kyrkjegard og parkeringsplass, eit føremål som vart stetta ved seinare reguleringsplan for Seim Kyrkje. Ved utarbeiding av reguleringsplan så fall denne delen av vår eigedom ut av omtale reguleringsplan. Likevel så ser det ut som om de har behalde område inne i kommuneplanen, noko eg meiner beror

på ein misforståelse. Det er riktig at det vart inngått ein avtale mellom oss og kommunen om å avstå arealet til kyrkjegard og parkeringsplass. D.v.s. avtalen vart underteikna av oss men ikkje underteikna av Lindås kommune (forøvrig ein merkeleg praksis all den tid det var kommunen som førte avtalen i penn). Ved behandling av reguleringsplan for Seim kyrkjegard mm. Så trekte vi tilbodet om sal av dette område og bad om at avtalen vart returnert, viser til kommunestyresak 035/01, 22.03.2001. Det tyder på at kommunen ikkje tok dette innover seg.

Vi har i lang tid forsøkt å få dette arealet endra til bustadbygging. Dette ligg som del av eit lite landbruksområde som ikkje eignar seg til landbruksdrift, det meste er brattlendt og skogkledd. Likevel er det slik at det er eit lite området som kan dekkja behovet for nokre husvære, og det er det vi ber om vert endra. I den perioden vi har søkt om dette, så har vi registrert at 3 bruk på garden Hopland har fått gjennomslag for endring frå LNF til bustadbygging. Det gjeld gnr 172/4, gnr 172/6 og gnr 172/10. Bruka på Hopland, og areala som vart endra, er betre eigna til landbruk enn vårt. I tillegg kom det vel i konflikt med omsynssone landbruk H510 (Åse-Seim-Nesse oL30), strandsone mm. Vi kan ikkje sjå anna enn at kommunen driv forskjellsbehandling av slike saker.

Vi har i fleire generasjonar hatt eit greitt forhold til kommunen når det gjeld arealnytting rundt kyrkja og Håkonshaugen. Vi har ikkje alltid vorte samde, men likevel så har vi funne løysingar som partane kunne leva med. Fleire av desse sakene har vore i kommunen si interesse å få areal til og eg nemner utviding av parsellen ved Håkonshaugen (1958), utviding av kyrkjegard (1971), vatn og kloakk til Borgstova (nittitalet) og parkeringsplass til Håkonshaugen og kyrkja (1996). Sidan den tid har det vore i vår interesse å skilja ut nokre bustadtomter, og kommunen har funne forskjellige grunnar til å avslå søknadene. Det ser ut til at samarbeid berre skal gå ein veg.

Eg ber om at de vurderer dette på nytt og endrar innstillinga.

Grunngjeving:

1. Innstillinga dykkar er bygd på feil grunnlag (kopi frå grovsilinga: Deler av arealet omregulert frå LNF til grav- og urnelund og parkering)
2. Like saker bør behandlast likt, viser til 3 saker på garden Hopland

Skulle de likevel halda på at dette skal vera framtidig gravplass (urnelund) og parkeringsplass, så får kommunen inngå ny avtale om kjøp slik at vi får avslutta dette kapittelet.

Seim 22.08.2019

Terje Hopland